

## Næringsliv: Vi vil

- ha ein aktiv næringspolitikk og bidra til å skape ein attraktiv og variert arbeidsmarknad
- ha tilrettelagde næringsareal
- ta vare på primærnæringane med ei aktiv forvaltning
- handheve buplikta, verne produktiv mark og halde både små og store bruk i drift
- jobbe for betre vilkår for landbruket i kommunen i samarbeid med næringa
- leggje til rette for at berekraftig havbruk kan utvikle seg i kommunen
- ha eigarskap i energiselskap
- samarbeide for å vidareutvikle reiselivsnæringa
- bidra til å vidareutvikle Kvernsteinsparken og Norsk Kvernsteinsenter
- arbeide for å få vidareutvikle og sikre finansiering av Fjordkysten Regional og Geopark



## Infrastruktur: Vi vil

- ha full mobildekning der folk bur og langs hovudvegane
- ha full dekning med høghastighetsbreiband for alle innbyggjarane og næringslivet i kommunen
- ha ekspressbåtanløp i Rysjedalsvika kvar dag heile året
- arbeide for betre nettverk av ladestasjonar i kommunen og Hafs
- betre vegstandarden på dei kommunale vegane
- arbeide for utbetring av fylkesveg 607, 57, 5662 og 5665
- arbeide for betre kollektivtransport i kommunen og til ruteknutepunkt heile året
- at ungdommane kan få høve til å bu heime medan dei tek vidaregåande utdanning
- arbeide for eit variert utval av utdanningsprogram på Dale vidaregåande skule som speglar att elevane sine ønskjer, samt næringslivet og samfunnet sine behov
- arbeide for god beredskap og at blålystenestene har forsvarlege responstider
- ikkje ha utbygging av vindkraft i urord natur eller på bekostning av viktige verdiar knytt til natur, landskap, kulturminne, kulturmiljø og reiseliv. Hellestad Senterparti seier nei til at det vert bygd ut vindkraft i kommunen.
- arbeide for at kommunane skal ha avgjerdsmynde i vindkraftsaker



Hellestad Senterparti vil jobbe for at Hellestad kommune skal vere ein god kommune å bu i med likeverdige tenester og aktivitetar nær folk.

Vi vil legge FN sine berekraftsmål til grunn for vårt politiske arbeid.

Info om Hellestad SP finn du på

Facebook Hellestad Senterparti

eller på [Senterpartiet.no](http://Senterpartiet.no)



Senterpartiet  
Hellestad



# Hellestad Senterparti



Ordførarkandidat

Morten Askvik



1. Morten Askvik
2. Karin Tonning Hatløy
3. Dag Ove Austgulen Myklebust
4. Tanja Kvellestad Akse
5. John Gerick Bårøy
6. Ragnhild Gudmundsos
7. Christer Systad
8. Turid Janka Langedal
9. Agnetha Solheim
10. Bjarne André Lekva
11. Inger Hauken
12. Andreas Akse
13. Frode Risnes
14. Idar Kristian Gjervik
15. Gunn Skresholdt
16. Aleksander Tonning Hatløy
17. Brit Inger Skaar
18. Geir Sverre Ulvik



## ATTRAKTIV OG INKLUDERANDE KOMMUNE

### Kommunale tenester: Vi vil

- skape eit trygt og inkluderande oppvekstmiljø
- at barnehage, SFO, skule og kulturskule skal ha god kvalitet og vere mobbefrie
- at born med særskilte behov skal få god fagleg hjelp gjennom tidleg innsats og tverrfagleg samarbeid, inkludert flyktning - og fosterheimsborn
- at alle elevane ved Hyllestad skule skal få reise på ein haldningsskapande studietur i starten av 10. klasse i kommunal regi i samsvar med gratisprinsippet
- oppretthalde og vidareutvikle samarbeidet med musea i Sogn og Fjordane om skuleopplegget i Kvernsteinsparken
- vidareføre varm lunsj i skule og barnehage
- fylgje opp vedtaket om utgreining av basseng
- sikre tilstrekkeleg symjeopplæring
- prioritere nybygg på skulen for 6.-10. klasse
- rehabilitere gjenståande byggmasse på skulen



- ha ei god helse - og omsorgsteneste der vi tilpassar institusjonsplassar og omsorgsbustader ut frå behova til brukarane
- oppretthalde dagsenteret og aktivitør
- ha fokus på funksjonell velferdsteknologi i helse og omsorgssektoren
- ha ei lokal helseteneste med tilfredstillande legevakt og legevaktsatellitt nær folk
- jobbe for å få faste tilsette i legeheimlane
- behalde kjøkkenet på Eiklund
- behalde kommunale vaskeritenester
- arbeide for å betre vilkåra for det kyrkjeloge arbeidet
- betre vedlikehaldet av kommunale bygg, også dei kyrkjeloge bygga
- sikre kursing av kommunale røykdykkarar
- utvikle ungdomsrådet og ha tett samarbeid for å vidareutvikle tilbod for ungdom
- satse på lokal ungdom til sommarjobb og tilkallingsvakt i dei offentlege tenestene
- leggje til rette for lærlingar, elevar i praksis frå høgskule, samt trainear i dei kommunale tenesteområda
- betre vilkåra for vidareutdanning og fagkurs kombinert med arbeid
- ha fokus på rekrytering av kompetanse og arbeidskraft
- arbeide for å behalde kvalifisert arbeidskraft gjennom god personalpolitikk
- at kommunen som innkjøpar skal handle mest mogeleg lokalt
- ikkje privatisere primæroppgåvene til kommunen



- arbeide for å oppretthalde taxi - og serviceskysstilbodet
- leggje til rette for heile stillingar for kommunalt tilsette så langt råd er
- trygge arbeidsplassar og nullvisjon mot seksuelle overgrep
- ha gode stipendordningar for kompetanseheving i alle einingane
- satsa på lærlingar og ha aktiv rekrutteringspolitikk med kompetente rettleiarar
- jobbe for eit godt psykiatrisk tilbod for innbyggjarane
- jobbe for tilgang til kreftkoordinator og ha god koordinering gjennom rehabiliteringstilbod og kommunale tenester
- ha fokus på å søkje prosjektmidlar der det er tilgjengeleg
- leggje til rette for rammeavtale på vedlikehaldet av kommunale bygg der det er mogeleg
- jobbe for å redusere behovet for vikarbyrå og på sikt fjerne bruken av vikarbyrå



### Fritids- og kulturtildob: Vi vil

- tilby attraktive kulturtildob og kulturopplevelingar for alle i kommunen
- ha eit breitt tilbod av idrett og fritidsaktivitetar for alle aldersgrupper
- ha inkluderande tilbod for alle samfunnsgrupper på ulike funksjonsnivå
- vidareutvikle fleirbrukshallen med varierte aktivitetar for både idrett og kultur
- at kommunen skal ha eit godt og aktivt samarbeid med frivillege organisasjonar og grendalag
- auke tilskotet til innkjøp av nye bøker på biblioteket og forbetra tilgangen til skulebiblioteket i heile skuletida
- setje i gang arbeidet med oppdatering og nyutgjeving av bygdeboka
- setje av pengar på Hyllestadfondet både til næring, kultur og trivelstiltak
- leggje til rette for både beitedyr og hundesport
- vidareføre støtteordning for fritidsaktivitetar for barn og unge



### Busetnad: Vi vil

- gjere kommunen meir attraktiv å bu i
- at alle skal ha høve til å busetje seg der dei sjølv ønskjer
- ha attraktive byggjefelt i bygdene
- at arealplanen skal spegle att utviklinga og busetnadsmønsteret
- ha ein nyansert praksis når det gjeld tiltak i 100-metersbeltet
- leggje til rette for bygdeutvikling
- oppretthalde bustadtilskotet

Sp tek heile Noreg i bruk. Røyst SP !